

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 67/2004

Møtedato: 8.12.04

Arkiv nr: F 380

F 380, Føsseistølen - inngjerding

Frå Statskog har fjellstyret fått følgjande brev:

Jeg fikk en telefonhenvendelse fra Chris Bråthen 19.04.04 der han tok opp spørsmålet om muligheten til deling av festet i 2 fester (2 anneks ligger litt fra øvrig bebyggelse). Jeg svarte at slike søknader hadde blitt avslått tidligere, slik at det nok var liten hensikt i å søke. Kartkopi vedlegges.

Han nevnte samtidig at hans mor hvistnok hadde fått 5 daa av stølsvollen av Ola Tildheim som vel var onkel til Gunnar Tildheim som har feste 162 på stølsvollen. Det var det som er inngjerdet. Jeg nevnte at dette var ukjent for oss.

Jeg svarte at stølen vel tilhører Fossheim S738 Ingebjørg Fossheim, noe som virket ukjent for hyttefesteren. Gunnar Tildheim har feste på et hus på stølsvollen, 0543/94/1/162 som vel har blitt brukt i forbindelse med stølsdrift og de har vel leid stølen av Fossheim iflg. papirene her. Fossheim har da ikke sel på stølen, bar uthus.

Jeg har undersøkt med Elverumkontoret, og de finner ingen gjerdetillatelse på saken, bare at det er notert på registreringskortet at det er inngjerdet for mye. Vi bør vel da se på saken ved neste befarung i området og eventuelt utstede gjerdetillatelse på et noe redusert areal.

Fjellstyret har behandla inngjerding av hytter etter følgjande retningslinjer:

1. Hytter skal i utgangspunktet ikkje føre opp gjerde.
2. Etter skriftleg søknad kan det gjevast dispensasjon til inngjerding når det ligg føre særleg behov, t.d. mykje beitedyr.
3. Gjerde skal først opp av trematerialar. Portalar e.l. er ein del av gjerde og skal ikkje tillatast.
4. Løyver for inngjerding skal kunne seiast opp med 6 månaders varsel.
5. Ved hytter på stølsjorder skal ein normalt kunne gjerde inn hyttetunet. Hyttefestaren skal også føre opp gjerde dersom stølsbrukaren krev det.
6. For hytter i hyttefelt skal det berre gjevast dispensasjon for mindre inngjerdingar t.d. uteplass/inngangsparti.
7. For hytter utanom stølsjorder og hyttefelt kan det gjevast dispensasjon for inngjerding av inntil 500 m², men det kan i særlege tilfelle gjevast løyve for større areal.
8. Ved festeoverføringar og søknad om byggeløyve skal ein prøve å få eldre inngjerdingar i samsvar med overståande.

Oppretting av nye fester til fritidsformål inne på stølslaga har Statskog og fjellstyret som prinsipp utelukka. Dette samsvarar også med kommuneplan som set forbod mot ny fritidsbustadar i stølsområda. Fjellstyret har tidlegare behandla fleire søknader om fester på stølshus utan å kunne tilrå dette.

Fjellstyret såg på saka saman med Statskog og festaren under befarung den 14.6.04.

Vedtak:

Fjellstyret er eining med Statskog at deling av festet er klart i strid med arealbruken både Statskog og fjellstyret er samde om og har praktisert i allmenningen. Fjellstyret kan derfor ikkje tilrå søknaden om deling av festet.

Dersom det ikkje er beitedyr som er til sjenanse (jf. pkt. 2), bør gjerdet etter fjellstyret sitt syn fjernast. Om det kan dokumenterast behov for inngjerding, må inngjerdinga reduserast betydeleg. Husa ligg langt frå kvarandre og gjer det vanskeleg å få til ei vanleg inngjerding på 500 m². Fjellstyret vil då tilrå at inngjerdinga blir redusert så mykje som det er praktisk mogeleg.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 21.12.04

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Chris M. Bråten, Sollien, Rikkehaugen, 3535 Krøderen